



AVLSUTVALGET FOR SAU I ROGALAND

Referat frå møte 12. januar 2012 på Særheim.

Hilde K. Håland og Rune Osland hadde meldt forfall, her møtte Berit og Siri som vara.

Desse møtte: Per Johan Lyse, Siri Haugland, Lars Nevland, Berit Pettersen, Alf Torstein Pettersen og Kjell Steinar Løland.

Sak 1/2012 Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 2/2012 Referat frå møte 7. juni 2011 blei gjennomgått. Fleire av medlemmene denne gong var ikkje med på dette møte.

Vedtak: Referatet godkjent.

Sak 3/2012 Kåringa 2011.

	Kåringsregnskap 2011		
Konto		Debet	Kredit
3981	Kåringsgebyr	16 528,00	177 320,00
4102	Avl/Kåring sau	11 316,00	
5012	Kjøregodtgjersle Dommarar/avlsutval	25 489,75	
5013	Bom/ferje avlsutval	4 468,00	
5331	Godtgjersle dommarar/avlsutval	112 750,00	

6580	Kontorrekvisita	9 898,00	
6941	Porto Avlsutval	1 442,00	
7161	Diett dommarar/avlsutval	3 064,00	
	Sum	184 955,75	177 320,00
	Underskudd		7 635,75
		184 955,75	184 955,75

Kr. 16250 er ikkje kome inn i rekneskap over kåringa. Dette er etterbetalt for ringkåring i Time.

Avlsutvalget diskuterte kåringa 2011, sjå og sak 4.

Det blei diskutert kåring og kåringsavgift for 2012. Det var forslag om at kåringsavgifta blir kr. 130.

Vedtak: Rekneskapen godkjent. Kåringsavgift for 2012 blir vedteke på neste møte i juni.

Sak 4/2012 Søknad frå Time om refusjon av kåringsavgift.

Time Sau og geit/ Time veraring var ansvarlege for kåring av verlam i Time og i 2012. Det blei innmeld 196 verlam, der 189 fekk kåringsklype.

Avlsutvalget drøfta denne saka som ei prinsipsak. Dette fordi det vil bli vanskeleg å oppretthalde kåringa i små lag dersom dei som har mange lam på kåringa trekkjer seg ut. Avlsutvalget har utgifter til kåringsmerke, kurs for kåringsdommarar. Kostnader med kåring bør vera lik over heile fylket, slik at ein kan oppretthalda eit likt tilbud til alle for kåring av verlam.

Vedtak: Time Sau og geit/Time verering får refundert kostnader dei har hatt til leige av dommarar og køyring. Det må leggest fram rekning på utifter til dommar og køyregodtgjersle.

Sak 5/2012 Kåring 2012

Avlsutvalget ser det som viktig at kåringsdommarane får ei samling i august før kåringa starter. Der kan regelverk for alle rasar gjennomgås, og praktisering av regelverk diskuterast. Det er og viktig med prakisk dømming, slik at dømming på kåringa blir mest mulig lik. Det er og trong for inntak av yngre nye dommarar, det er ynskeleg at desse kjenner til og har tru på avlsopplegget i vereringane.

Vedtak: Det blir dommarsamling før ny kårings sesong, prøve å få til samling frå lunch med ei overnatting. Rogaland Sau og geit sender førespørsel til lokallag og vereringar med ynskje om forslag på 3 nye dommaraspirantar. Forlag til Per Johan innan 1. april.

Sak 6/2012 Faghelg for nye sauehaldarar.

Vedtak: Arbeida for å få til fagdagar for nye sauehaldarar. Satsar på å få dette til ei helg i februar 2013.

Sak 7/2012 Det er viktig at avlsframgangen som er i vereringane blir spreidd til alle sauehaldarar. Dette kan ein få til ved at bruksbuskapane kjøper kåra lam og indeksverer. NSG kan gjennom fagblad spreie informasjon om økonomien ved å kjøpe kåra lam og indeksverer. Det er og viktig å informere om nytten med sauekontroll, og gi opplæring i eigenregistrering på Web.

Sak 8/2012 Smittespreiing og helse i vereringane

Vereringsreglane pkt. 5

d) Rekruttering av værere til naturlig paring

Rekruttering av *værer i rasen som ringen/avdelingen arbeider med*, skal kun skje i fra ringens/avdelingens medlemmer.

Rekruttering av *andre værere* (andre raser osv) som brukes av medlemmene i naturlig paring er tillatt så lenge det skjer innen smittegruppen.

Rekrutteres det værere utenom smittegruppen med Mattilsynets og ringens godkjenning, skal besetningen alltid ha minst 18 måneders karantene før den igjen kan delta i ringdriften.

Rekrutteres det værere uten Mattilsynets og ringens godkjenning, kan medlemmet ekskluderes eller pålegges en lengre pause som aktivt medlem av ringen, eventuelt kombinert med utvidet sjukdomstesting.

Regionkonsulenten informerte om regler for vereringar, og kor viktig det er å hindra kontakt inn i vereringane. NSG ser det som viktig at desse reglane blir følgde, dette for å ha best mulig kontroll for å unngå smittespreiing.

Vedtak: Tiltak for å hindre smittespreiing er ekstra viktig i Rogaland, då med tanke på fotråte. Regonkonsulenten må kontakte vereringen dersom ein kan sjå at medlemmer i vereringen ikkje etterlever regelverket.

Sak 9/2012 Kåring av kvit spæl – krav til O-indeks.

Ved O-kåring har ein ei nedre grense på 110 i O-indeks(lammeindeks) for å kunna bli kåra. Det er høve til å gjera dispensasjon frå dette i særlege høve. Det har i Rogaland blitt kåra lam med under 110 i indeks. Nabofylka Hordaland og Sogn og Fjordane har praktisert denne regelen strengt.

Inger Anne Bomann har ved eit større datamatriale sett på bruk av O-indeks som krav ved kåring (Sau og geit 4/2006). Lammeindeks gir god peikepinn på framtidig O-indeks. 1 poeng auka lammeindeks ved kåring , aukar O-indeks etter gransking med 0,6-0,7 indekspoeng.

Vedtak: Krav for kåring av kvit spæl rase 4, er indeks 110. For å kåra på dispensasjon må dette vera avtala med kåringsansvarleg på førehand.

Sak 10/2012 Pokal til beste ver og beste bukk.

Vedtak: Formann i Avlsutvalg bestiller pokaler og sender rekning til RSG.